

ÅRSRAPPORT 2015 FRÅ TRIMGRUPPA I SPJELKAVIK IDRETTSLAG

Aktivitetar:

-Trimløypa

Nokre tre som var til hinder for lys i sørøstre hjørnet (ved benkene) er fjerna. Treverket i bordbenk ved trebrua over Årsetelva blei fornya. Materialane blei sponsa av COOP-OBS BYGG, og Fred Emlem prega sponsornamn.

-Idrettsmerkeprøver.

Prøvene blei tillyst ved å kontakte deltakarar som har vore med dei siste åra. Triveleg ettermiddag der desse fem var med:

Hilde Dyrø	10. gong
Kristoffer Ommundsen	14. gong
Liv Torill Thoresen	17. gong
Tore A Thoresen	6. gong
Sigmund Rødal	50. gong. Diplom og femtiårsmerke.

Resultata er både ført inn i utøvarane sine handbøker for idrettsmerket og registrert hos Norges Idrettsforbund via heimeside.

-Årsbudsjett og rekneskap. Trimgruppa har ikkje planlagt med kostnader eller hatt egne kostnader.

-Anna / framover

Det store brukartalet i Trimløypa og i løypene på Spjelkavikfjellet kan vere grunnlag for å knytte til oss nye medlem, dokumentere aktivitetsomfanget til medlemmane og for å oppnå tilsvarende auke i tilskot. Ei ordning med premiering kan få fleire til å skrive namnetrekket i namnebøkene som ligg ute.

STIKK-UT

I sommarhalvåret var navneboka på Høgkubben med i fotturprosjektet «Stikk Ut» som sorterer under Friluftsrådet for Ålesund og omland. I Ålesund blir Stikk Ut koordinert av kommunens folkehelsekoordinator. Løypene rundt til Høgkubben og rundt Lillevatnet er med i vårt område. Geitnausa blir med i 2016. Deltakarar både melder seg på og registrerer tur via app på mobiltelefon. Statistikk gir grunnlag for noko premiering.

Koordinering

SIL famnar om fleire grupper som har med løyper og stiar å gjere. Det kan vere fordelar ved å koordinere disse aktivitetane i ei gruppe med eige gruppestyre.

Sigmund Rødal er villig til å stille for trimgruppa i den komande årsmøteperioden.



Spjelkavik 8. februar 2016. Sigmund Rødal (leder / trimgruppa)